

Til  
Kommunal og regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

03.12.2010, Oslo  
Ref: 6.4.2

## Innspel til bygningspolitikken

Unge funksjonshemmede er ein paraplyorganisasjon for 31 organisasjonar som representerer ungdom med nedsett funksjonsevne eller kronisk sjukdom. Me organiserer totalt rundt 25 000 medlemmar.

Unge med funksjonshemningar møter mange utfordringar knyt til utforminga av bygningsmassen i dag, som til dømes mangel på universelt utforma bustadar og at både private og offentlege arbeids- og publikumsbygningar er lite tilgjengelege. Unge funksjonshemmede vil i dette dokumentet komma med innspel til korleis nokre av desse utfordringane kan løysast.

### Eit universelt utforma samfunn


Unge funksjonshemmede støttar regjeringa sitt mål om eit universelt utforma Noreg innan 2025. Per i dag er det berre ein liten del av bygningane som er universelt utforma. Med den nye Teknisk forskrift 2010 og Norsk Standard NS 11001-1:2009 om universell utforming vil ein stor del av nye bustadar bli universelt utforma. Sidan talet på bustadar som byggast kvart år berre er om lag 1% av den totale bustadmassen vil det ta lang tid før universell utforming er det vanlege. Skal ein få opp takta må ein stimulera ombygging og tilrettelegging av eksisterande bustad – og bygningsmassen gjennom mellom anna et eget tilretteleggingstilskot

Unge funksjonshemmede meiner at så mange bygningar som råd må vera universelt utforma. For oss handlar dette om eit likeverdig samfunn. Det er ikkje nok at folk som treng universelt utforma bustadar har ein bustad som oppfyller krava, så lenge ein ikkje kan komma seg inn hjå vener eller familie. Skal samfunnet vera tilgjengelege for alle må vener og familie òg ha universelt utforma bustadar, samt at restaurantar, og offentlege bygg må vera tilgjengelege. Den offentlege bygningspolitikken må styra mot dette målet, og ikkje gje etter for dei kreftene som argumenterer med at universell utforming berre trengst i akkurat dei bustadane kor det bur folk med nedsett funksjonsevne.

### Våre hovudsaker

#### 1. Tilskot til tilrettelegging av bustad

Så lenge dei fleste bustadane ikkje er universelt utforma vil mange unge med nedsett funksjonsevne eller kroniske sjukdommar vera avhengige av ombygging og tilrettelegging av eksisterande bustadar. Per i dag er Husbanken sitt grunnlån ein muleg måte å finansiera dette på. Dei aller fattigaste kan, om dei er heldige, få bustadtilskot. Hovudregelen er altså at ein sjølve må dekkja kostnadane ved



tilretteleggingsbehov som fyljer av ei diagnose. Unge funksjonshemmede meiner at dette står i motstrid til velferdsstaten sitt prinsipp om at det ikkje skal kosta noko ekstra å vera sjuk eller funksjonshemma. Unge funksjonshemmede meiner at ombygging av bustad som er naudsynt på grunn av diagnose må finansierast av fellesskapet gjennom Husbanken, ikkje av den einskilde si lommebok. Tilrettelegging av bustadar kan vera dyrt, og utgjer eit stort økonomisk løft, òg for mange som ikkje er fattige nok til at dei i dag kan få bustadtilskot. Spesielt gjeld dette for unge, som har lågare formue og meir gjeld enn befolkninga som heilskap.

I arbeidet med ei stortingsmelding om bygningspolitikk bør departementet sjå på ulike måtar dette kan løysast på. Me vil føreslå eit eige Tilpassingstilskot som dekker tilpassingstiltak som ein søkjar kan dokumentera at er naudsynt, til dømes gjennom attest frå lege eller NAV. Tilskot til tilrettelegging av bustadar vil òg vera med på å auka talet på universelt utforma bustadar, og soleis gjera samfunnet meir tilgjengeleg.

## 2. Merkeordning for universell utforming

Det er viktig at bustadkjøparar lett får tilgang på informasjon om kor vidt bustaden er universelt utforma. Unge funksjonshemmede meiner at det bør innførast ei ny merkeordning for tilgjengelegheit, på line med det nye kravet om energimerking av bustadar. Merkeordninga bør forankrast i bransjenorma for marknadsføring av bustadar. Ei sånn merkeordning vil gjera det lettare for folk som treng universelt utforma bustadar å finna ut om den potensielle bustaden er tilgjengeleg for dei. Merkeordninga kan òg vera med på å framheva universell utforming som ein positiv eigenskap ved ein bustad.

## 3. Prioriter skular, fritidsarenaen og kollektivtrafikkterminalar

Regjeringa sin handlingsplan for eit universelt utforma Noreg innan 2025 gjer det klart at det kan bli satt forskrifter som stiller eigne tilgjengelegheitskrav til visse bygningskategoriar. Det blir skissert at dette kan gjerast skrittvis fram mot 2025. Unge funksjonshemmede meiner at dette arbeidet må komma i gang snarast. Undervisningsbygningar, frå grunnskule og opp til høgskule/universitetsnivå, bør vera den gruppa bygningar som blir prioritert fyrst. At utdanning er tilgjengeleg for alle er sers viktig for at dei som veks opp med nedsett funksjonsevne eller kroniske sjukdommar skal få like mulegheiter som andre til å komma i arbeid. I tillegg spelar mange undervisningsbygningar, spesielt grunnskular, ein viktig rolle som lokale for fritidstilbodet for ungdom. Den såkalla fritidsarenaen, som utover skulebygg inkluderer ungdomsklubbar, bibliotek, kulturskulebygningar og idrettsarenaar er Unge funksjonshemmede sin neste prioriterte kategori for bygningar som bør ombyggast til universell utforming. Det er avgjerande at unge med nedsatt funksjonsevne får lik mulighet som andre til en aktiv og meningsfull fritid.

Prioritet nummer tre bør vera å gjera kollektivtrafikkterminalar universelt utforma. Dette handlar om like mulegheiter til mobilitet, og til å reisa til arbeidsstadar eller utdanningsstadar. Det hjelper ikkje at mange bygningar er universelt utforma om det er vanskeleg for folk med nedsett funksjonsevne å komma frå bygning til bygning.

## Andre saker

Utover desse hovudsakene vil Unge funksjonshemmede ta til orde for at

- Rentekompensasjonsordninga for skular og kyrkjer må berre gå til ombyggingar som oppfyller relevante krav til universell utforming.
- Heistilskotet må aukast, for at fleire bustadar skal bli tilgjengelig for rørslehemma.
- Deltasenteret må få auka tilskot og utvida fullmakter for å ta ei meir aktiv rolle som konsulent for kommunar og fylke som treng råd og vegleiing til korleis deira arbeids- og publikumsbygningar kan gjerast meir tilgjengelege.
- Offentleg innkjøpspolitikk: For å stimulera verksemder til å bruka universelt utforma lokale er det viktig at staten brukar si makt som innkjøpar og leigetakar. Ved å berre bruka universelt utforma lokale til offentlege konferansar vil ein lønna dei hotella og serveringsstadane som er tilgjengelege.

Helsing frå

Adrian Tollefsen

Styreleiar i Unge funksjonshemmede

Tlf 90 27 56 95 / [adrian@ungefunksjonshemmede.no](mailto:adrian@ungefunksjonshemmede.no)

